

VINJE KOMMUNE  
FØRESEGNEN I TILKNYTING TIL REGULERINGSPLAN FOR

MO. NEDRE 153/2.....

Utarbeidd : .....  
Utlagt til offentlig ettersyn : .....  
Godkjent i Bygningsrådet : 23.08.90.....  
Godkjent i kommunestyret : .....  
Stadfest av Fylkesmannen : .....

§1. Disse reguleringsføresegnene gjeld for det område som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

§2. Området er regulert til fylgjande formål:

Byggeområde -Hytter  
Landbruksområde  
Trafikkområde -Køyreveg  
-Parkeringsplass  
Felles friområde

BYGGEOMRÅDE.

§3. Hytter.

- a) Hytter skal plasserast som vist på plankartet, i samsvar med innmålt pel i terrenget.  
Pelen skal liggja innafor hyttas fire vegger.  
Mindre justeringar av hytteplasseringa kan gjerast av Bygningsrådet.
- b) Uthus bør oppførast som tilbygg til hytta, og tilpassast denne med omsyn til materialval, form og farge.
- c) Brutto grunnflate av bygning på kvar tomt skal ikkje overstiga 80 m<sup>2</sup> (målt utvendig grunnmur, inkl./overbygd uteareal).
- d) Hytta skal mest mogleg underleggja seg naturpreget i området og ha ei enkel og god utforming.  
Utvendig skal nyttast trematerialar, ståande kledning og naturvenlege fargar.
- e) Bygningar kan oppførast berre i 1 etasje. Høgda på grunnmuren skal ikkje vera over 80 cm.
- f) Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 20 - 25° (rausthøgda 1/5 eller 1/4 av breidda).  
Taktekking skal vera jordplast og torv.
- g) Det skal opparbeidast 1½ parkeringsplass pr. hytte både for vinter- og sommarparkering. Byggeløyve vert ikkje gitt før tilstrekkeleg antal parkeringsplassar er opparbeidd.
- h) Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på i størst mogleg grad.
- i) Det skal setjast opp tilstrekkeleg stor søppelbu ved parkeringsplassen før byggeløyve for hytter vert gitt.

LANDBRUKSOMRÅDE.

- §4. Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Bygningar knytt til slik drift kan oppførast i området, etter godkjenning i Bygningsrådet.

TRAFIKKOMRÅDE.

- §5. Avkøyrsløse til offentleg veg skal vera oversiktleg og mest mogleg trafikksikker.

ANDRE FØRESEGNER.

- §6. Felles friområde.

Området kan nyttast til felles areal for hytteeigarane.

FELLESBESTEMMELSAR.

- §7. Bygningsrådet kan, når særlege grunnar talar for det, tillåta mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene, innafor ramma av bygningslov og bygningsvedtekter.

- §8. Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er stadfest, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen og føresegnene.

Kommunestyret har i sak 77/82 gjort vedtak om at tidlegare godkjend generalplan skal gjelde som retningsline for kommunens arbeid til ny plan ligg føre.

I fylgje den gamle generalplan ligg det planlagte utbyggingsområdet i sone 2 (bruksmessig utbygging).

Framlegg til vedtak:

Bygningsrådet finn det rett ikkje å taka endeleg stilling til arealbruken før det er innhenta uttale frå Landbruksnemnda, Fylkeslandbruksstyret, Vegstellet, Helserådet, Friluftsnemnda, Fylkesfriluftsnemnda, Generalplanutvalet, Telemark Fylkeskommune og Universitetets Oldsak-samling.

Planen med føresegner vert å lysa ut i samsvar med Bygningslovas §27 nr. 3.

Vedtak:

Som framlegget, men før plan vert sendt ut for uttale og lyst ut for offentleg ettersyn, må den heimare delen av eigedomen takast med i plan. Naboar må varslast.

Sendt: Asmund Tvitekkja, 3864 Rauland.  
" Landbruksnemnda, 3864 Rauland.  
(For handsaming og vidaresending til Fylkeslandbruksstyret).  
" Friluftsnemnda v/Gjertrud Berge, 3890 Ytre Vinje.  
(For handsaming og vidaresending til Fylkesfriluftsnemnda).  
" Statens Vegvesen, Telemark Fylke, 3700 Skien.  
" Helserådet, her.  
" Generalplanutvalet, her.  
" Telemark Fylkeskommune, Plan- og Næringsetaten, Fylkeshuset, 3700 Skien.  
" Oldsakssamlingen, Fredriks gate 2, Oslo 1.  
Vedlegg: Reguleringsplan fylgjer vedlagt til ovannemnde:

Rett utskrift: 3890 Ytre Vinje, den 19. februar 1985, Jenke Heiberg.